

Tilrettelegg klatreruter i Ulvanoso før bruk av Storveggen.

01.06.2018



Her vert det bolta og lagt ut taulengder - i fjellveggen som fører opp til Vesletind.

Det vert arbeidd med tilrettelegging for nye klatreruter i Ulvanoso. Chris Fossli og Steinar Haugland frå Klatregruppa i Uskedal Idrettslag har vore i veggen på andre sida for Vonheim, fjellveggen som fører opp til Vesletind. Målet er å merka og sikra ulike ruter slik at fleire kan prøva seg på klatring og seinare bruka Storveggen.

Steinar Haugland og Chris Fossli har bolta og lagt ut dei tre første taulengdene. Med ein dags arbeid til, vil det vera klart fire taulengder med 200 klatremeter. På sikt vert desse rutene tekne med i Bergen Fjellklatrarklubb sin førar for Ulvanoso og Eikedalen.

Å bolta veggen er det same som å laga rappelfeste. Dermed kan nye klatrarar på ein trygg og gode måte få trening og erfaring før ein går over på meir krevjande ruter. Chris Fossli fortel til Uskedalen.no at dette er som ein introduksjon til det han kallar Storveggen. Det kan vea ruter som har namnet Øktardalen, Vetletind Pillaren, Uskedalen dielder. Dielder tyder eit innvendig hjørne.

Fossli vil at alle skal vera merksame på at dette fjetlet er noko laust. Elles er område trygt og tilrettelagt for dei som vil prøva seg.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Veslemøy Haugland